Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Tilleggsspørsmålnr. til liste nr. 7

Emne: Skav

Oppskr. av: Aksel Andersson

(adresse): Ådalsbruk

Fylke: Hedmark

Herad: Løten

Bygdelag:

Gard:

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1.–7.

Kråterhandlar Ole Ornmang, ein mann i 70-åra, har aldri høyrt tale um at kjøtprisen har svinga etter kor mykje skav dyra har fått. I det heile er det ikkje likt til at skav har spela nokor rolle i manns minne som hjelpefôr her i bygda. Tilgangen på høy har vore so pass god at det ikkje har vore naudsynt å la det gå ut over skogen på den måten. Ein må då sjå burt frå at lauv-taking har vore svært vanleg i si tid; men jamvel den er det mest ingenting att av lenger. I skogbygdene (austre og vestre) finst likevel enno att geiter som vil ha bork å gnaga. Men dei syter for skavinga sjølve. B

[ Merkelegare er å høyra um at hestemøk har vore nytta til fôr heilt med til dei siste ti-åra – som grisemat. Skreddar Harald Hagen, Ådalsbruk, f. kring 1890, fortel at han sjølv har set det har vore føra med hestemøk på ein noko stor gard der han pla kjøpa grise- B

9573

ungar.)
8 – 12.

B. Her er ikkje anna å nemna enn ei utsegn som Ole Ommang kom med ~~då~~ han fortalde ~~frå~~ kröter-uppkjöpa sine i Trysil: Skogeigarar der har löypt ut den gamle retten som geitehaldarar har havt til å la dyra sine beita og gnaga i skogen.